



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 10/2017

Møtedato: 26.6.17

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

## S694, Jaslangen – søknad om erstatte løe

Ingebjørg og Magne Moe søker den 8.5.17 om å få erstatte gamal løe med ei ny av same storleik. Løa som står der no er så forfallen at det er vanskeleg å restaurere ho. Løa er skal plasserast på same plass som den gamle løa. Foto av lafta er løe er lagt ved søknaden. I tilleggsbrev datert den 12.6.17 blir det opplyst at stølen og jordet blir nytta til beite for sauer, kyr og ungdyr og at dyra skal bruke løa til ly for vêt og vind.

Stølen er i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrifta:

### § 10. Om søknad om å setje opp, utvide og endre hus

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

*Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.*

Statskog er bedt om uttale og har den 24.5.17 gjeve slikt svar:

*Viser til mottatt søknad og ønske om gjenoppbygging av gammel løe inne på seterkve ved Jaslangen.*

*Fjellstyret må vurdere om dette er et hus som skal være med i en rasjonell utnytting av seterområdet jf. forskriftens § 10 eller om dette er hus/bygning som ikke har noe med drifta å gjøre – uthus jf. § 24.*

*Statskog ser det kulturhistoriske verdien som er å ta vare på gamle bygninger og restaurere dem, men i dette tilfellet blir den revet og bygget opp igjen helt ny. Det må da vurderes om det er hensiktsmessig og behov for løa i forhold til drifta på setra. Det opplyses også at stølen er leid bort. Er stølen fortsatt i drift?*

*Statskog er positive til at det blir satt opp igjen en identisk løe på seterløgga dersom det er behov for bygningen i drifta, evt. som ly for beitedyr. Dette bør dokumenteres.*

Oppland fylkeskommune er bedt om uttale, men har svara at dei ikkje kan få svara innan fjellstyret skal behandle saka. Dette blir grunngjeve med at det er for mange saker til behandling. Brev frå fjellstyret vart sendt 16.5.17.

Med Magne Moe sitt brev datert 12.6.17 finn fjellstyret at det er dokumentert behov for løa. Støl og gard blir leigd bort samla og blir brukt til beite. Stølen er med det å rekne for å vera i bruk. Det har dessutan vore normal praksis å få føre opp att tilsvarande hus som skal rivast. Ein må og leggja vekt på dei verdiar kulturlandskapet har. Løer som ligg på jorda er eit viktig element i stølslandskapet. Etter som behovet for løene har vorte redusert, ser ein at mange løer forfell. Ei ny løe bygd i tradisjonell utforming vil vera eit positivt element i stølslandskapet. Fjellstyret bør derfor vera positive når det er ynskje å erstatte løe slik det her blir søkt om.

## Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter § 10 i stølsforskrifta søknaden om oppføring av løe med same mål og plassering som eksisterande løe. Fjellstyret har lagt til grunn at det er behov ut frå drifta og for å ivareta kulturverdiane som stølslandskapet har.

Ingebjørg Moe var inhabil i saka og deltok ikkje under behandlinga.

## Vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter § 10 i stølsforskrifta søknaden om oppføring av løe med same mål og plassering som eksisterande løe. Fjellstyret har lagt til grunn at det er behov ut frå drifta og for å ivareta kulturverdiane som stølslandskapet har.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 26.6.17

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Ingebjørg og Magne Moe  
Statskog  
Vestre Slidre kommune